

Kunnskapsgrunnlag

for revidering av
kommuneplanens samfunnsdel
2026

Lom kommune

Innhald

Levekår	4
Heilskap og samanheng	4
Helse- og omsorgstenester.....	4
Folkehelsa	5
Befolkningssamansetting og -utvikling.....	5
Utdanningsnivå	6
Arbeid og økonomisk stønadar	6
Bustad	6
Fysisk miljø	6
Helsetilstand.....	6
Nasjonale føringar for utviklinga av tenester	7
Endring i demografi.....	8
Utviklingsbehov.....	8
Oppveksttenester for barn og unge	9
Oppvekstprofil 2026	10
Nasjonale føringar, oppvekstreform og førebyggjande arbeid	11
Heilskapleg førebygging og tidleg innsats	11
Barnevernsreforma, oppvekstreforma og krav om førebyggjande plan.....	12
Inkluderande fellesskap, tryggleik og ny opplæringslov.....	12
Kompetanse nærare barnet – systemretta og relasjonelt arbeid	13
Barnets beste, barnets stemme og samordna innsats	13
Samla felles retning	13
Utviklingsbehov	14
Teknologi som støtte og utfordring	14
Livsløp - heilskapleg og samanhengjande tenestetilbod.....	15
Konseptet sin samanheng med integreringsplanen	15
Arbeidsgjevarpolitikk	16
Føringar	16
Tidlegare rammer	16
Prinsipp	16
Næringslivet.....	17

Sysselsettingsgrad, næringsstruktur og nyetableringar	17
Næringane.....	17
Primærnæringa	17
Sekundærnæringa	18
Tertiærnæringa.....	18
Breiband- og mobildekning	19
Klima og utslepp	19
Klima	19
Klimagassutslepp	20
Areal i Lom	21
Arealrekneskap for Lom kommune.....	22
Framtidig arealbruk og behov.....	22
Bustadutvikling, busettingsstruktur og jordvern.....	22
Næringsareal.....	23
Fornybar energi	24

Levekår

Heilskap og samanheng

Kommuneplanen sin samfunnsdel (samfunnsplanen) er eit verktøy for overordna strategisk styring av kommunen. Gjeldande samfunnsplan vart vedteken i 2022. Innbyggjartalet i kommunen og framskriving av folketalet er avgjerande for korleis ein planlegg for framtida. Dei økonomisk rammene endrar seg etter folketalet, og tenestetilbodet blir planlagt tilpassa dei framtidige behova.

Revidering av samfunnsplanen må ta utgangspunkt i dei endra føresetnadene. Samfunnsdelen må òg utviklast i tråd med noverande og kommande nasjonale reformer og satsingar som set krav til tenesteytinga til kommunen. Berekraft, i form av tilgjengelege menneskelege og økonomiske ressursar, må vera styrande for korleis utviklinga av Lom skal organiserast og tilby tenestene sine.

Sektorar som helse og meistring og oppvekst må jobba saman for å gi befolkninga i Lom best moglege tenester. Dette samarbeidet må ha ein klar og tydeleg plass i planverka til kommunen. Lom må planleggja, gjennomføra og utvikla tenestetilbodet sitt i eit livsløpsperspektiv. Auka livskvalitet skal vera eit viktig mål for all tenesteyting. Dreininga mot tverrsektorielle arbeidsprosessar og tenester i eit livsløpsperspektiv vil bidra til betre ressursutnytting, auka berekraft, styrke moglegheit for tidleg innsats og merksemd på langsiktig og koordinerte tenester.

Dette bakgrunnsdokumentet vil belysa nokre sentrale demografiske rammer, nasjonale føringar og vurderingane som er lagt til grunn for dei overordna prinsippa som blir omtalte i samfunnsdelen for tenesteområda helse og meistring, og oppvekst. Samfunnsdelen må ha som mål å framheva overordna rammar for å skapa heilskap og samanheng i tenestetilbodet i Lom kommune.

Helse- og omsorgstenester

Programplanen for revidering av samfunnsdelen i kommuneplanen legg følgjande rammer for omtale av tenester innan helse- og omsorg:

"Strategisk helse- og omsorgsplan" er ein type temaplan som beskriv overordna og strategiske mål for sektoren og bør inngå i samfunnsdelen framfor å utarbeidast som ein eigen omfattande temaplan. Lom kommune står i ei omfattande utvikling av innsatstrappa for helse- og omsorg. Våren 2026 stod ny institusjon klar til bruk, og heildøgns omsorg bustadar (HDO) blir ferdigstilt i løpet av inneverande år. Det er og vedteke bygging av omsorgsbustader for tilrettelagde tenester, noko som vil frigje tryggleiksbustader til innbyggjarar som har eit behov for å vere tett på helsetenestene. Parallelt blir tenestetilbodet dreidd i retning av meir førebygging, tidleg innsats, og riktige tenester på rett nivå. Arbeidet med ny kvalitetsstandard er starta. Dette skjer samstundes som kommunen gjennomfører ei omstillingsprosess for å sikre økonomisk berekraft.

Lom må dreie helse- og omsorgstenestene for å sikre likeverdige og rask tilgang, tillit til prioriteringssystema og berekraft i åra som kjem. Dette er dei tre overordna måla som Stortinget

peikar ut i Meld. St. 21 (2024–2025) *Helse for alle – Rettferdig prioritering i vår felles helsetjeneste*, og som skal liggje til grunn for prioritering på alle nivå i tenestene, også i kommunal verksemd og planlegging. Meldinga stadfestar at ressursane i helsetenesta er avgrensa, og at val av nye tiltak nødvendigvis fortrenger andre – noko som krev tydelege, opne og etterprøvbare prioriteringar i kommunane.

Meldinga slår fast at dei tre *prioriteringskriteria – nytte, ressurs og alvorlegheit* – skal nyttast mest mogleg likt på tvers av pasient- og brukargrupper og nivå i tenestene. For kommunal planlegging betyr dette å flytte innsatsen dit ein får størst helsegevinst for dei med dei mest alvorlege behova innanfor gitte rammer. Dreinga av innsatstrappa i Lom er såleis eit verkemiddel for å operasjonalisere kriteria i praksis.

Vidare understrekar Meld. St. 21 at prioriteringsprinsippa skal byggje berekraft over tid: Når kommunane tek i bruk nye bygg og driftsmodellar, må det følgjast av kompetanse, oppgåvedeling og tenesteinnhald som gir størst mogleg nytte for den enkelte og for befolkninga samla. Dette krev at kommunane dokumenterer og kommuniserer prioriteringar, og bruker styringsinformasjon for å justere kursen. For Lom inneber det å forankre kvalitetsstandard og tildelingspraksis i kriteria (nytte–ressurs–alvorlegheit), og sikre at innfasinga av ny institusjon, HDO og omsorgsbustader faktisk gir rett teneste på rett nivå – og dermed ei berekraftig helseteneste,

Folkehelsa

I 2024 vart det etter folkehelselova §5 utarbeidd ein folkehelseoversikt for Lom kommune. Denne tek for seg helsetilstanden i kommunen og faktorar som påverkar denne. Dei viktigaste hovudutfordringane som vart trekt fram her er i stor grad framleis gjeldande:

- Demografiske endringar: fleire eldre, færre i arbeidsfør alder og befolkningstalet går ned
- Auke av unge uføre
- Utfordringar med høgt rusmiddelbruk og låg debutalder for rus blant ungdom i Lom
- Auke i psykiske plagar hjå ungdom, og blant unge vaksne, særleg kvinner
- Søvnproblem blant barn og unge

I tillegg utarbeider Folkehelseinstituttet årleg folkehelseprofilar for alle kommunar. Desse inneheld ein kortfatta og visuell framstilling av folkehelsetilstanden i kommunen, og korleis ein ligg ann samanlikna med andre kommunar. Vidare kjem nokre av indikatorane frå folkehelseprofilen for 2026 for Lom kommune, samt noko utfyllande informasjon frå andre kunnskapskjelder. Oppvekstrelaterte tema er omtala i kapittel for *Oppveksttenester for barn og unge*.

Befolkningssamansetting og -utvikling

I likskap med mange andre norske kommunar står Lom i fleire demografiske endringar, som utfordrar både den økonomiske og den sosiale berekrafta framover. I kommunens folkehelseoversikt (2024) vart det trekt fram at framskrivingar for dei neste 10 åra syner at talet på yrkesaktive vil minke med 232 personar, medan talet på eldre over 67 år vil auke med 116 personar. Dette utgjer ei auke på over 20 % for aldersgruppa eldre over 67 år ut frå dagens nivå,

og aldersgruppa vil i 2032 utgjere om lag 1/3 av innbyggarsamansettinga.

Årets folkehelseprofil viser at Lom kommune har færre innbyggjarar i yrkesaktiv alder enn det som er gjennomsnittet i Noreg, og ein høgare del personar over 80 år. Dette er i samsvar med det framskrivingane viser.

Utdanningsnivå

Lom ligg signifikant høgare enn fylkes- og landsgjennomsnittet når det gjeld andelen personar med VGS eller høgare utdanning i aldersgruppa 30-39 år. I 2026 har 88,2 % av dei i alderen 30-39 år fullført vidaregåande skule eller høgare utdanning, mot 78 % i fylket og 82,1 % i landsgjennomsnitt. Utdanningsnivå heng saman med ei rekke indikatorar innan levevanar og helsetilstand. Innsatsen med å få fleire til å fullføre vidaregåande opplæring er difor eit viktig mål i folkehelsearbeidet.

Arbeid og økonomisk stønad

Folkehelseoversikta (2024) viste at Lom ligg lågt på arbeidsløyse, men relativt høgt på sjukefråvær, at det er mange i yrkesaktiv alder utanfor arbeidsliv og utdanning, og ei dobling i antal unge uføre dei siste 10-15 åra. I Folkehelseprofilen (2026) skårar Lom lågt på andelen som står utanfor (arbeid eller utdanning), og ligg signifikant betre an enn resten av landet. Andelen som mottek uføretrygd er lik som landsgjennomsnittet. For vedvarande låginntekt ligg kommunen signifikant lågare enn fylkes- og landsgjennomsnittet.

Bustad

I Lom er det fleire innbyggjarar over 45 år som leiger bustad enn elles i landet. Medan landsgjennomsnittet ligg på 12,7 % ligg Lom på 16,5 %. Nivået har vore relativt stabilt dei siste 10 åra.

Fysisk miljø

Drikkevassforsyninga i Lom kommune skårar 100 % på både hygienisk kvalitet og leveringsstabilitet. Det same gjeld eksponering for luftforureining, der Lom ligg på 0. Skilnaden er statistisk signifikant, og plasserer kommunen blant dei ti beste på landsbasis.

Helsetilstand

Forventa levealder for menn og kvinner i Lom er tilnærma lik landsgjennomsnittet. Talgrunnlaget er for lite til å vise om det er forskjell i forventa levealder mellom utdanningsgruppene i kommunen. Men for landet som heilheit ser det ut til at dei med vidaregåande eller høgare utdanning lev rundt 5 år lengre enn dei med grunnskole. Denne forskjellen ser ein hjå både kvinner og menn.

Andelen med psykiske symptom og lidingar, samt muskel- og skjelettplagar er lågare enn landsnivået, vurdert etter data frå fastlege og legevakt. På indikatorane for overvekt og fedme blant 17-åringar, samt vaksinasjonsdekning ligg ikkje Lom signifikant forskjellig frå landsnivået.

Nasjonale føringar for utviklinga av tenester

Lom kommune må utvikla tenestetilbodet sitt innan helse og meistring tråd med nasjonale føringar og reformer. Fagområda er store og føringane mange. I det følgjande blir det belyst to sentrale prosessar som i stor grad set rammer for korleis Lom må utvikla tenestetilbodet sitt.

Nasjonal helse- og sjukehusplan (2020-2023) legg føringar for mellom anna samhandlinga mellom spesialisthelsetenesta og primærhelsetenesta i kommunen. Eit hovudgrep i Nasjonal helse- og sjukehusplan 2020-2023 er å oppretta 19 helsefellesskap. Desse skal bestå av helseføretak og kommunane i opptaksområdet. Representantar frå helseføretak, tilhøyrande kommunar, fastlegar og brukarar vil møtast for å planleggja og utvikla tenestene saman. Barn og unge, alvorleg psykisk sjuke, pasientar med fleire kroniske lidningar og skrøpelege eldre skal prioriterast. I tillegg til ei framheving av spesielt viktige pasient- og brukargrupper trekkjer helse- og sjukehusplanen fram teamorganisering som ein nøkkelfaktor for framtidig tenesteyting. Planen seier mellom anna (s. 124-125):

"Teamarbeid må til for å gi heilskaplege helse- og omsorgstenester til pasientane. Solid kompetanse i eigne fag er ein føresetnad for godt teamarbeid. Eit kompetent team er som regel eit team der dei tilsette trivst. Eit godt arbeidsmiljø og høg trivsel bidreg òg sannsynlegvis til å fremja heiltidskultur, få ned sjukefråværet, og motivera tilsette til å stå i jobb lenger. I eit slikt team er kulturen gått frå å måtta bidra til endring til å vilja bidra til endring. Det er òg funne ein positiv samanheng mellom eit godt arbeidsmiljø og kliniske resultat i pasientbehandlinga.»

I tillegg til rammene for tenesteyting som kjem fram av nasjonal helse- og sjukehusplan med tanke på samhandling og prioriterte grupper, må Lom utvikla tenestetilbodet sitt i tråd med kvalitetsreforma Leve heile livet (2019-2023). Målgruppa er eldre over 65 år, både dei som bur heime og dei som bur i institusjon. Dette er ei målgruppe med ulike føresetnader og store variasjonar i behov og ønskjer.

Reforma er særleg retta mot helse- og omsorgssektoren, men alle sektorar må bidra for å skapa eit meir aldersvenleg samfunn kor eldre kan vera aktive og sjølvstendige.

Reforma har fem innsatsområde:

1. Eit aldersvenleg Noreg
2. Aktivitet og fellesskap
3. Mat og måltid
4. Helsehjelp
5. Samanheng i tenestene

På kvart av innsatsområda legg reforma fram fem utfordringar og fem forslag til løysingar, som alle viser til lokale døme. Løysingane som blir lagde fram i denne stortingsmeldinga, er forslag til endringar som kommunane kan tilpassa lokale forhold og behov i samarbeid med andre tenesteområde, frivillig sektor og andre aktørar i lokalsamfunnet.

Innsatsområda i reforma er nært forbunde med kvarandre. Det er ein sterk samanheng mellom dei ulike temaa. Merksemd på eitt område kan påverka dei andre områda. Til dømes er det godt dokumentert at aktivitet, både fysisk og sosialt, aukar matlyst og trivsel. Sosialt fellesskap gir betre fysisk og psykisk helse.

Endring i demografi

Endringa i demografi er eit stadig meir aktuelt utfordringsbiletet med tanke på tenesteutviklinga. Lom kommune har i hovudsak hatt ein gradvis tilbakegang i befolkning gjennom mange år.

Framskriving av folketal for Lom (SSB, 2026) syner at ein kan forventa ein reduksjon i antal innbyggjarar med om lag 100 personar fram til år 2030. Ved utgangen av 4.kvartal 2025 var innbyggjartalet i Lom 2137. Fram mot 2050 er det forventa ein reduksjon på ytterlegare 221 personar. Tabellen under syner folketalsutviklinga i Lom mellom 2018 til 2026. Dei siste fem åra har ein lykkast med å halde folketallet stabilt.

Tabell som syner folketal og tilvekst i Lom.

År	Befolkning 1. januar	Fødselsoverskot	Nettoinnflytting	Folketilvekst
2018	2331	-15	-23	-38
2019	2293	-11	-54	-65
2020	2228	-3	-21	-24
2021	2204	1	5	7
2022	2211	-16	17	1
2023	2212	-13	13	0
2024	2212	-15	18	3
2025	2215	-7	31	24
2026	2239			

Aldersbæreevna viser kor mange yrkesaktive det er per pensjonist. I Lom syner framskrivingar for dei neste 10 åra (KS, 2022) at talet på yrkesaktive vil minke med 232 personar, medan talet på eldre over 67 år vil auke med 116 personar. Dette utgjer ei auke på over 20 % for aldersgruppa eldre over 67 år ut frå dagens nivå, og aldersgruppa vil i 2032 utgjere om lag 1/3 av innbyggarsamansettinga.

Utviklingsbehov

Dei kommunale helsetenestene står overfor ein situasjon der omfanget av oppgåver aukar, grunna ein demografi med aukande eldre og oppgåveoverføring frå spesialisthelsetenesta. Denne utviklinga gjer at helsetenestene i aukande grad må handtere spørsmål knytt til kva som ikkje lenger kan gjerast som før, og korleis arbeidsprosessar kan organiserast annleis for å møte eit meir krevjande og komplekst oppgåveomfang. Førebygging og tidleg innsats blir dermed ein stadig viktigare del av tenestebiletet, fordi innsats tidleg i forløpet kan redusere behovet for omfattande bistand seinare.

Teknologi er òg blitt ein del av denne utviklinga. Nye verktøy kan effektivisere arbeidsprosessar og frigje tid, og samstundes bidra til at fleire innbyggjarar kan meistre meir sjølv. Likevel vil enkelte alltid ha omfattande behov, og tenestene må dimensjonerast slik at dei som treng mest, får den helsehjelpa dei har behov for. Slik framstår utviklingsbehovet i helsetenesta som ei balansegang mellom auka krav, begrensa tilgang til personell og nødvendigheita av smartare løysingar.

Ei varig og aukande utfordring innan helse- og omsorgstenestene er knytt til rekruttering av kvalifisert personell. Dette er ikkje eit særskilt lokalt problem, men ein del av eit regionalt og nasjonalt kompetansegap, der fleire kommunar opplever mangel på søkjarar til både faste stillingar og deltidsstillingar. Også rekruttering til sommar- og ferievikariat har dei siste åra vore krevjande. Færre søkjarar, større konkurranse mellom kommunar og eit generelt press på helsepersonellmarknaden gjer det krevjande å sikre stabil og tilstrekkeleg kompetanse i tenestene.

For å møte desse utfordringane har Lom kommune dei siste åra sett i verk fleire målretta tiltak. Eit av dei mest vellukka har vore ordninga med stipendstillingar for sjukepleiarstudentar. Dette er ei regional rekrutteringssatsing der kommunen støttar studenten økonomisk gjennom utdanninga, mot at studenten tek fast stilling i kommunen etter fullført og bestått utdanning. Studentane arbeider helger og i sommarperiodar, som er dei tidspunkta kommunen har størst behov for vikarar, og dette bidreg både til betre kontinuitet og stabilitet i drifta. Ordninga har gitt gode resultat, og kommunen har lykkast med å rekruttere fleire sjukepleiarar gjennom denne modellen. Effekten er todelt: Kommunen sikrar tilgang til kvalifisert arbeidskraft på sikt, samstundes som studentane får arbeidserfaring og tett tilknytning til arbeidsmiljøet i Lom.

Rekruttering vil likevel halde fram som ei kjerneutfordring også i åra som kjem, ikkje minst i lys av aukande behov, personellknappheit og større krav til kompetanse i alle delar av tenestene. Dette understrekar behovet for vidare satsing på kompetanseutvikling, robuste fagmiljø, gode arbeidsvilkår og målretta tiltak for å rekruttere og halde på medarbeidarar. Samla sett er tilgang på rett kompetanse ein av dei mest avgjerande faktorane for berekraftige helse- og omsorgstenester i framtida.

Lom kommune har kome eit godt stykke på veg når det gjeld oppgåvegliding innan helse. Til dømes ved at sjukepleiarar i legetenesta utfører oppgåver delegert frå legane. På institusjonen har ein tilsett avdelingsverter som tek hand om praktiske oppgåver og slik frigjer tid for helsepersonell til oppgåver ein lyt ha kompetanse for å utføre. Desse erfaringane viser at kommunen kan løyse fleire oppgåver meir fleksibelt og effektivt når ansvar blir fordelt etter kompetanse og behov. Samstundes ligg det eit betydeleg potensial for vidare oppgåvegliding på tvers av sektorar, særleg i møte med komplekse utfordringar rundt innbyggjarane – til dømes knytt til bruk av teknologi. Eit meir koordinert arbeid på tvers kan bidra til meir heilskaplege tenesteforløp og betre ressursutnytting i framtida.

Oppveksttenester for barn og unge

Planprogrammet for revidering av samfunnsdelen framhevar følgjene for kva som skal omtalast i samfunnsdelen rundt tenester til barn og ungdom:

"Tidleg innsats i førebyggjande arbeid for barn og unge. Innanfor førebyggjande arbeid vil kommunen ha fokus på tidleg innsats. Meld. St. 6 (2019-2020) tydeleggjer at vi skal ha barnehagar og skular som gjev moglegheiter for alle barn og unge, uavhengig av sosial, kulturell og språkleg bakgrunn, kjønn, kognitive og fysiske forskjellar. Det må vere eit mål å sikre nok ressursar til førebyggjande arbeid for barn og unge, trass i det auka behovet for å styrke og omstrukturera eldreomsorga. Spesielt blant risikoutsette og sårbare barn og unge vil dette vere

viktig. Det er òg slik at gode tenester for barn og unge vil bidra til å gjera kommunen meir attraktiv for barnefamiljar. – Kommuneplanarbeidet bør ta inn i seg overordna mål og strategiar for førebyggjande arbeid blant barn og unge."

Oppvekstprofil 2026

Folkehelseinstituttet utarbeider årleg oppvekstprofilar for alle kommunar. Desse seier noko om korleis kommunen ligg ann på ulike indikatorar innan oppvekstområdet, samanlikna med resten av fylket og landet. Liksom for folkehelseprofilane er oppvekstprofilen avgrensa av kva informasjon som er tilgjengeleg på kommunenivå, og statistikken lyt sjåast i ljøs av anna kunne om lokale tilhøve.

Befolkning

Andelen unge (0-17 år) utgjer ein mindre del av befolkninga i Lom (16,9%) samanlikna med det som er gjennomsnittet for norske kommuner (19,8 %). På same tid hadde 8 % av innbyggjarane i Lom innvandrarakgrunn, eller var norskfødde av foreldre med innvandrarakgrunn. Dette til signifikant skilnad frå resten av landet (22,6 %).

Levekår

Lom ligg signifikant betre an enn landsnivået når det gjeld andelen barn i familjar med vedvarande låg inntekt. Tala viser at dette gjeld 6,7 % av barn i Lom, medan talet er 12 % i fylket og 10 % i landsgjennomsnitt. Andelen barn i kommunen som bur i familjar som mottek sosialhjelp ligg på 4,7 %, som ikkje er signifikant forskjellig frå landsnivået (6,6 %). Når det gjeld barn av einslege forsørgjarar ligg Lom signifikant dårlegare an enn resten av landet; 19,7 % i Lom, mot 16,3 % i landsgjennomsnitt. Andelen barn med barnevernstiltak er ikkje statistisk signifikant dårlegare enn landet elles (3,9 % i Lom, mot 3,2 % i heile landet).

På indikatoren om unge som står utanfor arbeid, utdanning og opplæring ligg Lom på 9,1 %, og ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået på 9,9 %.

Barnehage og skule

Femteklassingar i Lom ligg likt med landsgjennomsnittet i meistringsnivå i lesing, medan dei ligg signifikant betre an i rekning; og blant dei ti beste kommunane i landet. Desse tala er overlappende treårsgjennomsnitt, og vil i små kommunar kunne variere mykje på grunn av låge elevtal. Når det kjem til trivsel og mobbing i skulen ligg det ikkje føre nyare tal for Lom kommune. For heile landet og fylket svarte 85 % at dei trivst på skulen, medan 10 % svarte at dei kjenner seg mobba på skulen.

Grunnskuleelevane i Lom kommune hadde eit karaktergjennomsnitt (grunnskulepoeng = gjennomsnittet av elevane sine karakterar i alle fag ved avslutninga av 10. klasse, multiplisert med 10) på 41,5 poeng. Dette skil seg signifikant frå landstalet på 42,3 poeng. Lom skil seg òg signifikant frå landstalet for gjennomføring av vidaregåande opplæring; I Lom viser talet for perioden 2022-2024 at 78 % gjennomfører vidaregåande opplæring i løpet av fem/seks år, medan gjennomsnittet for heile landet er 82 %. Desse tala er basert på tre års gjennomsnitt.

Fritid og nærmiljø

Oppvekstprofilen for Lom har manglande datagrunnlag for indikatorane knytt til fritid og nærmiljø dei siste tre åra. I Lom sin siste folkehelseoversikt (2024) kjem det fram at 77 % av

ungdommane sa dei var litt eller svært fornøgde med lokalsamfunnet sitt medan 95 % følte seg trygge i nærområdet sitt. Dette er tal frå Ungdata-undersøkinga i 2024.

Helse og helseåtfærd

I Ungdata-undersøkinga i 2024 svara 72 % av ungdomskuleelevane at dei var nøgde med helsa si, jamfør 66 % på landsbasis. Det er ikkje tal for Lom i 2025, men det nasjonale talet held seg stabilt. Oppvekstprofilen syner derimot tal for psykiske symptom/lidingar for alderen 15-24 år, og her ligg kommunen signifikant betre an enn landsgjennomsnittet.

Syttenåringar som seier dei trenar sjeldnare enn kvar veke er signifikant høgare i Lom enn i resten av landet (40 % i Lom og 29 % i landsgjennomsnitt). Indikatoren for overvekt og fedme blant 17-åringar er signifikant noko høgare i Lom (23 %) enn landet elles (21 %). Denne indikatoren er henta frå Vernepliktsverket, og basert på sjølvrapporterte data frå fyrste sesjon. Folkehelseprofilen (2026) viser at det ikkje er statistisk signifikant skilnad mellom talet på 17-åringar som trenar sjeldnare enn éin gong i veka i Lom kommune og på landsbasis. Når det gjeld skjermtid er det ikkje data på dette i Lom sidan 2020, men nasjonalt rapporterte 41 % av ungdomsskuleelevane at dei brukte over fire timar på skjerm dagleg i 2025.

I folkehelseoversikta (2024) for Lom vart auka rusmiddelbruk blant ungdom trekt fram som ein av hovudutfordringane i Lom. Her kom det fram at andelen som har vore rusa på alkohol er høgare enn gjennomsnittet for heile landet. Ein stor del seier òg at dei får lov av sine foreldre å drikke alkohol.

Nasjonale føringar, oppvekstreform og førebyggande arbeid

Utvikling av tenester for barn og unge i Lom kommune skjer innanfor ramma av nasjonale lovkrav, stortingsmeldingar og statlege satsingar som samla sett legg føringar for ein meir heilskapleg, førebyggande og inkluderande oppvekstpolitikk. Desse føringane blir ytterlegare forsterka gjennom *strategiplanen for oppvekstreformen i Nord-Gudbrandsdal*, som gir ei felles regional retning for arbeidet med barn, unge og familiar *frå magen til vaksen*.

Dei nasjonale og regionale føringane samsvarer i stor grad med mål og prioriteringar i *Lom kommune sin førebyggande plan*, der tidleg innsats, tverrfagleg samarbeid, relasjonell kvalitet og barnets beste står sentralt.

Heilskapleg førebygging og tidleg innsats

Eit gjennomgåande nasjonalt og regionalt styringssignal er at kommunane i større grad skal arbeide førebyggande og setje inn tiltak tidleg i barns liv. Dette inneber ei dreining frå reparerande og sektorvise tiltak, til samordna innsats som fangar opp behov før utfordringar utviklar seg til alvorlege vanskar.

Strategiplanen for oppvekstreformen i Nord-Gudbrandsdal legg til grunn at førebygging og tidleg innsats skal skje gjennom barnets naturlege arenaer – barnehage, skule, helsetenester og nærmiljø – og at innsatsen må vere samanhengande gjennom heile oppvekstløpet. Lom kommune sin førebyggande plan operasjonaliserer dette gjennom systematisk innsats i oppveksttenestene, med vekt på lågterskeltilbod, tidleg identifisering av risiko- og beskyttelsesfaktorar og koordinert oppfølging av barn, unge og familiar.

Barnevernsreforma, oppvekstreforma og krav om førebyggande plan

Barnevernsreforma, som trådte i kraft i 2022, har styrkt kommunen sitt ansvar for å førebygge omsorgssvikt og åtferdsvanskar, og for å sikre rett hjelp til rett tid. Reforma understrekar at utfordringar på barnevernsfeltet berre kan løysast gjennom heilskapleg innsats i heile oppvekstsektoren, og blir difor omtalt som ei oppvekstreform.

Dette perspektivet er tydeleg vidareført i den regionale strategiplanen for oppvekstreforma i Nord-Gudbrandsdal, der førebygging blir definert som eit felles ansvar for alle kommunale tenester som møter barn og familiar. Planen vektlegg behovet for klare strukturar for samhandling, felles språk og felles metodikk på tvers av sektorar.

I barnevernslova er det krav om at kommunestyret skal vedta ein forpliktande plan for kommunen sitt førebyggande arbeid for barn og unge. Lom kommune sin førebyggande plan er eit sentralt styringsverktøy i dette arbeidet, og skal:

- samle mål, ansvar og tiltak på tvers av sektorar
- styrke samarbeid mellom barnevern, barnehage, skule, helsetenester og andre instansar
- sikre samanheng mellom universelle, selektive og indikative tiltak

Planen bidreg til å forankre barnevernet sitt førebyggande ansvar i kommunen sine ordinære tenester, i tråd med både nasjonale føringar og regional strategi for oppvekstreformen.

Inkluderande fellesskap, tryggleik og ny opplæringslov

Stortingsmelding *Tett på – tidleg innsats og inkluderande fellesskap* og ny opplæringslov som gjeld frå 2024, legg vekt på at barn og elevar i størst mogleg grad skal få tilpassa støtte innanfor fellesskapet i barnehage og skule.

Desse føringane blir støtta og konkretiserte i strategiplan for oppvekstreforma i Nord-Gudbrandsdal, der utvikling av trygge relasjonar, tilhøyrsløse og inkluderande barnehage- og skulemiljø blir løfta fram som avgjerande førebyggande faktorar. Inkludering blir forstått som at kvart barn skal oppleve å høyre til og bli møtt ut frå eigne føresetnader, innanfor ramma av fellesskapet.

Den nye opplæringslova legg særleg vekt på:

- førebyggande og systemretta arbeid
- tidleg innsats utan unødig bruk av enkeltvedtak
- barnet sitt beste som grunnleggjande omsyn
- elevmedverknad og rett til å bli høyrd

Dette samsvarer med Lom kommune sin førebyggande plan, der barnehage og skule er sentrale arenaer både for universell førebygging og for tidleg oppfølging når ein undrar seg eller er uroa for eit barn.

Kompetanse nærare barnet – systemretta og relasjonelt arbeid

Nasjonale føringar peikar tydeleg på at kompetanse skal vere tett på barna og elevane. Gjennom kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis er kommunane forplikta til å styrke kompetansen i dei ordinære tenestene.

Strategiplanen for oppvekstreforma i Nord-Gudbrandsdal understrekar at denne kompetansen også må omfatte relasjonell forståing, utviklingspsykologi og evne til å analysere samanhengen mellom kva som er oppretthaldande faktorar og kva som er hensiktsmessige tiltak. Systemretta arbeid blir sett på som ein føresetnad for å lykkast med tidleg innsats og redusere behovet for inngripande tiltak.

I Lom kommune inneber dette ei vidareutvikling av det systemretta arbeidet, der dei interne og eksterne støttesystema skal bidra til:

- kompetanseutvikling i barnehagar og skular
- utvikling av inkluderande og trygge læringsmiljø
- betre samspel mellom individretta og systemretta innsats

Barnets beste, barnets stemme og samordna innsats

Både nasjonale føringar, oppvekstreforma i Nord-Gudbrandsdal og Lom kommune sin førebyggjande plan legg til grunn at barnets beste og barnets stemme skal vere styrande for all innsats. Barn og unge skal bli lytta til, og tiltak skal utformast i samarbeid med barn og føresette.

Dette krev:

- trygge strukturar for medverknad på individ- og systemnivå
- kompetanse hos tilsette i å snakke med og lytte til barn og familiar
- samordna tenester som ser barnet i ein heilskapleg livssituasjon

Betre tverrfagleg innsats (BTI) er i strategiplan for oppvekstreforma løfta fram som ein sentral modell for å sikre strukturert samhandling, felles forståing og rett innsats til rett tid.

Samla felles retning

Sentrale nasjonale føringar, strategiplanen for oppvekstreforma i Nord-Gudbrandsdal og Lom kommune sin førebyggjande plan peikar i same retning og kan samanfattast i følgjande hovudprinsipp:

- Heilskapleg og forpliktande samhandling mellom alle oppveksttenester
- Tidleg innsats og førebygging gjennom heile oppvekstløpet
- Kompetanse nærare barnet og familien, med vekt på systemretta og relasjonelt arbeid
- Inkluderande fellesskap, tryggleik og tilhøyrslø i barnehage, skule og nærmiljø
- Barnets beste, barnets stemme og brukarmedverknad som grunnleggjande verdiar

Desse føringane dannar eit tydeleg og samlande rammeverk for vidare utvikling av oppveksttenestene i Lom kommune og dei interkommunale tenestene i regionen.

Utviklingsbehov

Lom kommune har eit ynskje om å utvikle ein framtidsretta og berekraftig oppvekstsektor der den gode tenestekvaliteten som er i skule og barnehage i dag kan vidareutviklast. Den demografiske utviklinga tilseier at det blir færre barn i kommunen framover, samtidig som talet på eldre aukar. Det gjer det nødvendig å sjå dei framtidige utgiftene til kommunen i samanheng, og leggja til rette for ei drift i oppvekst som sikrar kvalitet i tenestene i dag og i framtida innanfor berekraftige økonomiske rammer.

Framtidig utvikling av tenestetilbodet til barn og ungdom må gjerast i tråd med dei nasjonale føringane. For barnehage- og skuleeigar er dette føringar og forventningar som vil krevje ein målretta innsats der leiarar og tilsette må spela på kvarandre si kompetanse i større grad enn i dag. Samhandlinga med støttetjenestene må i større grad gå føre seg i skulen og barnehagen, og arbeidet må leiast av leiarar som har kompetanse og ressursar til å leia komplekse utviklingsprosessar. Eit anna viktig poeng i denne samanhengen er moglegheita til å rekruttere og behalde tilsette innanfor oppvekstområdet.

Behovet for kompetanseutvikling, samarbeid på tvers i kommunen og organisering av tidleg innsats krev ei heilskapleg utvikling. Utviklinga må sjå på tenestetilbodet i kommunen i ein sammenheng som gjer mogleg samarbeid og koordinerte tenester innanfor dei samla ressursane. Ressursar i dette tilfellet er både personell og økonomi.

Teknologi som støtte og utfordring

Integreringa av teknologi i helsetenestene er avgjerande for å sikre kvalitet, kontinuitet og berekraft i tenestene. Velferdsteknologi og digitale arbeidsverktøy bidreg til auka tryggleik og sjølvstende for brukarane, samstundes som dei gir dei tilsette betre grunnlag for faglege vurderingar og meir tid til direkte pasientkontakt. Ved å effektivisere arbeidsprosessar, styrkje informasjonsflyt og redusere manuelt arbeid, legg teknologien til rette for betre ressursutnytting i ein sektor som står overfor både kapasitetsutfordringar og aukande behov. Teknologi er difor ikkje eit mål i seg sjølv, men eit nødvendig verktøy for å tilby moderne, trygge og berekraftige omsorgstenester.

Prosjektet *Digital drivkraft* arbeider med å utvikle ei regional oppfølgingsteneste for digital heimeoppfølging (DHO), der målet er å utvikle ein berekraftig, samordna og framtidsretta modell for oppfølging av pasientar i heimen. Gjennom prosjektet blir det utvikla ein samarbeidsmodell som tek i bruk eksisterande ressursar ved Lokalmedisinsk senter, alarmsentralen (responscenteret), for å sikre ei trygg og effektiv oppfølging av brukarar som nyttar DHO-løysingar.

Prosjektet Digital heimeoppfølging er ein del av Helseregionsamarbeidet Innlandet og er retta mot å styrkje brukaren si meistring, auke sjølvstende og bidra til betre helse ved hjelp av digitale verktøy. Ved å samle kompetanse, standardisere arbeidsprosessar og nytte felles infrastruktur skal *Digital drivkraft* leggje grunnlaget for ei robust og skalerbar teneste som kan styrkje sjølvstendig oppfølging av eiga helse i heile regionen. Gjennom dette arbeidet blir det skapt ein ny måte å samarbeide på tvers av kommunar, nivå i helsetenesta og spesialisthelsetenesta, der

teknologi blir brukt målretta for å støtte fagleg vurdering, tidleg innsats og meir heilheitleg pasientoppfølging.

Teknologi er i aukande grad ein integrert del av tenestene i Lom kommune og bidreg allereie til meir effektive arbeidsprosessar. Eit døme er at fysioterapeutane no nyttar KI-journalføringsassistent for å føre journal, noko som reduserer tidsbruk, frigjer kapasitet til pasientarbeid og støttar dokumentasjonskvaliteten. Helsetenestene har òg implementert digital lagerstyring, som gir betre oversikt, færre manuelle rutinar og reduserar svinn på lageret. Desse utviklingstrekk viser korleis teknologi kan avlaste personell, styrkje kvalitet og bidra til betre ressursutnytting. På institusjonen er det implementert digitalt nattilsyn. Dette er ei implementering, som på sikt har potensiale for overføring til fleire tenesteområde. Fram til no har det vore nokre utfordringar med t.d. teknikk og signal, som gjer at implementeringa tek tid.

Samtidig utfordrar teknologien oss på fleire område. Nye løysingar krev betydelige lisenskostnader, og kontinuerleg forvaltning. I tillegg fører teknologiutviklinga til eit aukande behov for tverrsektorielt samarbeid, både for drift, support og oppfølging av utstyret. For å realisere gevinstane og sikre trygg og effektiv bruk må kommunen derfor vidareutvikle både kompetanse, rutinar og samarbeid på tvers av tenesteområda.

Livsløp - heilskapleg og samanhengande tenestetilbod

Nasjonale føringar for tenester innan oppvekst og helse legg til grunn at tenesteutvikling skal byggje på førebygging, tidleg innsats, tverrfagleg samarbeid og koordinert oppfølging gjennom heile livsløpet. Dette inneber at kommunen som heilskap har ansvar for å sjå innbyggjarane sine behov på tvers av fagområde, og utvikle tenester som heng saman – uavhengig av organisatoriske grenser. For Lom betyr dette at den samla innsatsen må koordinerast på tvers av det som tradisjonelt har vore eigne sektorar. Oppvekst, helse, næringsliv og frivilligheit må i større grad arbeide i lag for å skape trygge, inkluderande og berekraftige rammer for alle innbyggjarane.

Lom kommune meiner at dei fem satsingsområda har relevans òg for vaksne og barn/ungdom. Det heilskaplege og samanhengande tenestetilbodet i Lom vil utviklast gjennom satsing på fem område:

1. Satsing på eit inkluderande Lom, for barn, ungdom, vaksne og eldre
2. Satsing på aktivitet og fellesskap for barn, ungdom, vaksne og eldre
3. Satsing på helsefremjande tiltak for barn, ungdom, vaksne og eldre
4. Satsing på tilpassa tenester for barn, ungdom, vaksne og eldre
5. Satsing på samanhengande tenester til barn, ungdom, vaksne og eldre

Konseptet sin samanheng med integreringsplanen

Programplanen for revideringa av samfunnsdelen i kommuneplanen seier følgjande om kommuneplanen for integrering:

"Integreringsplan for Lom kommune 2017-2021 har som mål å omfatta alle som skal integrerast i lokalsamfunnet. Planen, som også omfattar ein handlingsplan, omfattar tema som er knytt til kommunen som integreringsarena. Døme på arenaer og møtepunkt som er omtalt i planen er

flyktingtenesta, næringssjefen, helsestasjonen, servicetorget, biblioteket og Utgard. Handlingsplanen foreslår tiltak og ansvarleg for tiltak og samarbeidspartnarar. Planen har ikkje vorte brukt i den grad og på den måten som var intensjonen, og ein vurderer det som tenleg å ta hovudmåla frå denne inn i samfunnsdelen. Dette er òg synt i planstrategien."

Satsingsområda i konseptet "Leve heile livet i Lom" omfattar i all hovudsak dei same samfunnsområda som er utgangspunktet for integreringsplanen. Det blir vurdert som formålstenleg at behova knytt til integrering blir inkluderte i det heilskaplege perspektivet og blir bakt inn under dei fem satsingsområda.

Arbeidsgjevarpolitikk

Føringar

Programplan for revisjon av samfunnsdelen presiserer at arbeidsgjevarpolitikken på overordna nivå skal vise korleis kommunen sikrar god tenestelevering, tiltrekker og utviklar kompetent arbeidskraft, organiserer verksemda effektivt og byggjer ein organisasjonskultur som støttar samfunnsoppdraget. Som tenesteleverandør har Lom kommune ansvar for å levere tenester av høg kvalitet innanfor avgrensa ressursar og i møte med auka krav frå innbyggjarar og statlege styresmakter. Demografiske endringar og konkurransen om arbeidskraft gjer det avgjerande å prioritere tiltak som støttar rekruttering, utvikling og vidareutvikling av kompetente medarbeidarar. Samtidig må kommunen halde fram med å fornye tenester og arbeidsformer.

Tidlegare rammer

Strategien for 2012–2020 (sak 57/2012) adresserte mange av dei same utfordringane, men vart i liten grad evaluert eller følgt opp. Leiargruppa i 2021 rapporterte låg kjennskap til dokumentet, og det finst ikkje samla vurderingar av effektar eller måloppnåing. Manglande evaluering og omfattande ambisjonsnivå tyder på at strategien ikkje var tilpassa kapasitet og behov i organisasjonen. Ein meir brukarnær og ressursbevisst modell er difor nødvendig framover.

Prinsipp

Administrasjonsutvalet drøfta 26. april 2022 kva som bør vere kjernen i Lom kommune sin arbeidsgjevarpolitikk. Kommunedirektøren vurderer at arbeidsgjevarpolitikken bør integrerast som ein sentral del av samfunnsdelen i kommuneplanen, gjennom overordna og langsiktige prinsipp som gir retning for vidare arbeid:

- Lom kommune skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar.
- Tenestene skal vera prega av innovasjon og fornyingsevne.
- Kommunen skal vere ein fleksibel arbeidsplass som legg til rette for utvikling.
- Digitale løysingar skal vere eit naturleg førsteval der dette gir betre tenester.

Desse prinsippa skal ikkje utviklast som eit eige strategidokument, men følgjast opp gjennom etablerte medverknadsstrukturar og årlege prosessar i administrasjonsutvalet. Konkrete tiltak blir forankra i handlingsdelen til kommuneplanen.

Næringslivet

Sysselsettingsgrad, næringsstruktur og nyetableringar

Næringslivet i Lom er prega av små og mellomstore verksemdar, med høg grad av lokalt eigarskap. Reiseliv og varehandel, landbruk, bygg- og anleggsverksemd samt offentlege arbeidsplassar utgjer hovudpilarane i sysselsettinga.

Næringsstrukturen er sårbar for demografiske endringar, med ein aldrande befolkning, eit stabilt men avgrensa arbeidsmarknad og utfordringar knytt til rekruttering av arbeidskraft. Talet på sysselsette med bustad i Lom ligg på rundt 1 150–1 200 personar (2023), medan talet på arbeidsplassar i kommunen er noko lågare, noko som gjev ein netto utpendling. Lom er del av eit større bu- og arbeidsmarknadsområde i Ottadalen og Nord-Gudbrandsdalen, og eit sterkt regionalt samarbeid er derfor viktig når det kjem til næring- og samfunnsutvikling.

Sysselsettingsgraden (andel 20–66 år i arbeid) ligg omtrent på nivå med fylket, men under landsgjennomsnittet, noko som heng saman med alderssamansetnad og næringsstruktur.

Næringslivet i Lom har:

- god evne til lokal verdiskaping
- sterk kopling til stad, identitet og natur
- men er sårbart for demografi, rekruttering og sesongvariasjonar

For kommuneplanens samfunnsdel peikar kunnskapsgrunnlaget særleg på:

- behovet for heilårlege arbeidsplassar
- samanhengen mellom næring, bustad, tilflytting, stadsutvikling og rekruttering
- kommunen si rolle som tilretteleggjar og pådrivar

Lom har dei siste 5–10 åra hatt ein relativt stabil, men låg etableringstakt, i tråd med det som er vanleg for små distriktskommunar. Tal frå SSB viser at det årleg blir registrert i storleiksorden 15–30 nye føretak per år, med noko variasjon mellom åra. Det er ikkje teikn til ein klar langsiktig vekst eller nedgang, men heller eit stabilt nivå.

Næringane

Primærnæringa

Primærnæringa er viktig for m.a. beredskap, matproduksjon, busetting i bygdene og som premisleverandør for kultur- og reiselandskapet. Næringa går gjennom ei langvarig strukturell omstilling, i tråd med nasjonale utviklingstrekk.

Det er rundt 150 som er sysselsett i næringa, med 125 aktive jordbruksføretak, derav 106 husdyrprodusentar (av desse er 44 mjølkeprodusentar). Talet på aktive bruk har gradvis gått ned sidan år 2000, og det har vore ei særleg sterk avskaling innan mjølkeproduksjon og svineproduksjon dei siste 20 åra.

Utviklinga følgjer den nasjonale trenden i retning av færre og større bruk, men med særlege lokale utfordringar. Lom har avgrensa tilgang på samanhengande jordbruksareal, noko som gjer det vanskeleg å hente ut stordriftsfordelane. Det førar til at mange må leie mykje areal, er og avhengig av å kjøpe fôr og av kunstig vatning der breane våre spelar ei viktig rolle. Det er elles store investeringsbehov knytt til lausdriftskravet og mange slit med å ha dyra i utmark pga. rovdyr. Tamreinnæringa høyrer også inn under primærnæringa i Lom, og desse bidreg til å skape verdiar knytt til utmarksressursane som finst i området vårt.

Skogbruket i Lom er påverka av ein eigedomsstruktur med smale teigar og ein bratt og ulendt topografi. Lom har eit totalt skogareal på 222 000 daa, der rundt 86 000 er produktiv skog. Balansekvantumet ligg på om lag 11 000 m³ årleg. Riktig skjøtsel av skogen kjem til å bli eit større fokusområde i åra som kjem, spesielt knytt til naturfarar. Dette gjeld både skogbrann og skred i bratt terreng.

Sekundærnæringa

Om lag 250 personar er sysselsett i sekundærnæring i Lom, altså den delen av næringslivet som foredlar råvarar henta frå primærnæringa (tal frå 2023). Tyngdepunktet av bedriftene i Lom innan bygg- og anleggsverksemd. Her har det vore ei stabil sysselsetting dei siste 10–15 år, sjølv om mange innanfor denne bransjen slit nasjonalt om dagen. Både bustad- og fritidsbustadmarknaden er inne i ei tøff tid, og offentlege investeringar er viktig for å oppretthalde sysselsettinga og kompetanse innad i bransjen. Fleire av bedriftene i byggenæringa melder at det er krevjande å rekruttere og utdanne nok fagfolk.

Bedrifter innan bygg, anlegg og industri bidreg med viktige heilårsarbeidsplassar i Lom, og mange tek på seg oppdrag utanfor bygda for å halde folk i arbeid gjennom året.

Tertiærnæringa

Majoriteten av sysselsettinga i Lom er i tertiærnæringa, med ei sysselsetting på rundt 390 personar (2023). Tertiærnæringa utgjer dei tenesteytande næringane (servicenæringar), inkludert bransjar som varehandel, transport, reiseliv og kultur. I tillegg kjem tilsette frå offentleg sektor, som helse (om lag 240 personar), undervisning (75 personar) og offentleg administrasjon (53 personar).

Lom har ein høg andel av desse arbeidsplassane sett opp mot folketalet, noko som heng saman med at Lom er ein veletablert reiselivskommune. Deler av næringa er sterkt sesongavhengig, noko som påverkar busettingsmønster og befolkningstala. Ei analyse frå Menon viser at verdiskapinga i reiselivsnæringa i Lom er rekna til 133 millionar kroner.

Breiband- og mobildekning

Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (NKOM) publiserer dekningsdata årleg, og statistikken i dette kapittelet er henta frå deira heimeside. Noreg har generelt god digital infrastruktur, og regjeringa har eit mål om 1Gbit/s til alle hustandar og verksemder innan 2023. I Lom har vi kome langt innanfor breiband etter eit målretta arbeid dei siste ti åra, mens det framleis er ein veg å gå når det gjeld mobildekning.

Breibandsdekning

I breibandundersøkinga for 2025 har Lom ei breibanddekning der 99,3 % har tilgang til 100 Mbit/s eller meir, heilt på nivå med landsgjennomsnittet. Det er heile 100 % dekning i tettbygde strøk. Sett opp mot regjeringa sitt mål er det i Lom per 2025 97 % av innbyggjarane som kan få 1 Gbit/s eller meir, basert på totalt 1048 husstandar.

Teknologien som er tatt i bruk i Lom er primært fiber, supplert med kabel og fast trådløs breiband.

Mobildekning

Når det gjeld mobildekning, er det på landsbasis 83 % som kan få 100 Mbit/s eller meir, medan i Innlandet så gjeld dette 69,1 % og for Lom er det nede på 62,3 %.

Statistikken er frå 2024. Her er det med andre ord ein jobb å gjere, og derfor er det gledeleg at det endeleg er opna opp for at kommunane kan søkje om støtte til betre mobildekning og/eller betre breibanddekning gjennom fylkeskommunen og NKOM i 2026.

Klima og utslepp

Klima

Dalføra i Innlandet har varme somrar og kalde vintrar, og relativt lite nedbør. I fjella er somrane kjølegare og det kjem meir nedbør. I framtida syner berekningar at den gjennomsnittlege årstemperaturen i Innlandet vil auke med omlag 3 grader, vekstsesongen kan auke med 1-2 månadar og vinteren vil bli 1,5 månadar kortare. Nedbøren vil auke med omlag 15 %, der den største auka kjem haust og vinter. Det vil bli fleire episodar med kraftig nedbør. Auka nedbør vil forsterke behovet for å inkludere overvatn i arealplanlegginga. Det er framleis vanleg at snøsmelteflaumen om våren eller tidleg sommar er den største flaumen i året. Denne vil i framtida kome tidlegare på året og bli mindre mot slutten av århundret. Det er venta at nedbøren vil auke og at ein større del av denne kjem som regn. Regnflaumar vil bli vanlegare. Særleg i elver og bekkar som raskt responderar på regn og i tettbygde område med tette flater vil meir og kraftigare lokal nedbør kunne skape problem.

Vi er vande med tørre somrar her, og tørre somrar vil det truleg bli fleire av i framtida.


Framskrivningar syner at om våren vil fordamping auke meir enn nedbøren, og der snøsmeltinga allereie er over, vil det kunne gje tørrare forhold i bakken også om våren. At breane blir mindre

som følgje av varmare klima vil også ha negativ konsekvens for til dømes tilgangen på vatn til landbruket.

Lom har mykje bratt terreng og skredhendingar er ei reell problemstilling. Dette pregar korleis forvaltninga må utøve sine oppgåver med tanke på både førebygging og generell beredskap. Dei siste åra har kommunen vore råka av fleire hendingar med konsekvensar for busetting, idrettsanlegg, næringsområde og landbruksareal. Endra klima med kraftig nedbør vil auke risikoen for både mindre alvorlege og alvorlege hendingar. Areal med mykje tette flater (eksempelvis asfalt) vil forårsake overvatn i større grad enn vi er vande med i periodar med kraftig nedbør. Dette er ein sentral tematikk i arealplanlegging og utforming av uteareal.

Klimagassutslepp

I Lom slapp vi totalt ut 24 567 tonn CO₂-ekvivalentar i 2024, tilsvarande 11,1 tonn per innbyggjar. Med det ligg vi noko høgare enn innbyggjarsnittet for Innlandet, og fleire andre samanliknbare kommunar, jamfør figur under.




Utslepp per innbyggjar for utvalde kommunar av klimagassar i tonn CO₂-ekvivalentar. Kjelde: Miljødirektoratet

Miljødirektoratet har i sin statistikk delt inn klimagassutsleppa i ti sektorar. For Lom har ein noko lunde kontinuerlege data for dei seks sektorane oppvarming, vegtrafikk, annan mobil forbrenning, jordbruk, avfall og avløp og produkt med fluorgassar. I det vidare omtalar vi dei mest relevante forholda for Lom.

Ser ein nærare på desse seks sektorane, kan ein sjå at der vi har høgare utslepp enn samanliknbare kommunar som Skjåk, Vågå, Lærdal, Hemsedal og Stor-Elvdal, i all hovudsak er på avfall og avløp, der utslepp knytt til avfallsdeponigass utgjer den største delen, etterfølgt av avløp og biologisk handsaming av avfall. Går ein inn i tala for Lom, ser ein likevel at utslepp knytt til denne sektoren har gått ned med om lag 57% frå 2009 i til 2024, frå 980 til 560 tonn CO₂-ekvivalentar. Den mest markante nedgangen er innanfor avfallsdeponigass, medan nedgangen innanfor biologisk handsaming av avfall er meir marginal. Innanfor avlaup er det i grove trekk stabilt.

Vidare har ein høgare utslepp knytt til jordbruk enn andre samanliknbare kommunar, noko som truleg skuldast den totale andelen av jordbruk og type jordbruk, då utsleppa mellom anna er knytt til gjødselhandtering og fordøyingsprosessar for husdyr. For annan mobil forbrenning knytt til jord- og skogbruk ligg vi i hovudsak lågare eller likt som vår nabokommunar.

Går ein inn i tall berre for Lom kommune, kan vi samanlikne endring over tid. Der kan vi sjå at vi sidan 2009 har hatt nokså jamne utslepp frå vegtrafikk (figur under). Går ein djupare inn i talla ser ein likevel ei endring; ein har hatt ein jamn nedgang av utslepp knytt til personbilar, medan dei lange linene syner at ein har fått ein auke av utslepp knytt til tunge køyretøy. Utslepp knytt til varebilar og bussar har i grove trekk halde seg stabile.



Sektorfordelte utslepp per år. Kjelde: Miljødirektoratet

Ein har førebels ikkje lett tilgjengelege tal for perioden etter 2024 for klimagassutslepp for alle sektorar. Det er likevel grunn til å tru at utsleppa knytt til personbilar har gått ytterlegare ned grunna aukande andel elbilar. Statistisk sentralbyrå oppgir at andelen elbilar for nyregistrerte bilar i Lom i 2025 var 96,7 %. Ser ein på perioden frå 2019 til 2025, er 2025 året med den høgaste andel elbilar av nyregistrerte bilar i Lom. Andel elbilar vert ofte betrakta som eit resultat av nasjonal politikk, men likevel er det store regionale forskjellar. Innlandet fylke ligg nest lågast i landet på andel elbilar av registrerte personbilar, totalt sett. Finnmark ligg lågast. Skal ein få opp denne andelen, er det truleg ikkje uvesentleg korleis ein legg til rette for bruk av elbil, både regionalt og lokalt.

Utslepp frå annan mobil forbrøining har variert over den 15 år lange perioden ein har statistikk for, men den lange linja syner ein svak nedgang. I Lom er det jordbruk som står for den største delen av utslepp i denne kategorien, som omhandlar utslepp frå bruk av avgiftsfri diesel og bensin til trafikk som ikkje går langs veg, som til dømes traktorar.

Utslepp knytt til oppvarming har gått vesentleg ned (2009 – 2024). Dette skuldast til dels utfasinga av fossil olje og fyringsparafin, i tillegg til at det har vore ein tydeleg nedgang i utslepp knytt til vedfyring. Den siste kategorien har teke seg oppatt noko frå 2020 og utetter. Det er lett å tenkje at dette kan skuldast ein kombinasjon av den ovanfornemnde utfasinga av olje og fyringsparafin (forbod frå 01.01.2020) saman med auka straumprisar.

Areal i Lom

Lom kommune utgjer totalt 1967 km². Landskapet består av djupe dalar med bygnad, og store fjellområde. Det husar store natur- og kulturverdiar, men også utfordringar knytt til naturkreftene.

Omlag 1216 km² av kommunens areal er verna etter naturmangfaldlova eller på anna vis bandlagt med omsyn til naturmiljø, altså om lag 62% av totalarealet. I 2026 er det også nye verneplanar i arbeid (naturreservat i elva Otta). 122 km² er verna eller på anna vis bandlagt gjennom kulturminnelovgjeving. Nesten 900 av kommunens 1967 km², ligg innanfor aktsemds- eller fareområde for flaum, ras og skred, og tilhøvet til naturfarar er ein del av den daglege arealforvaltninga.

Alle tal og data i dette kapittel er framstilt av felles plankontor for Lom og Skjåk, med mindre anna er oppgjeve.

Arealrekneskap for Lom kommune

Ser ein på storleiken på ulike arealbruksformål i kommuneplanens arealdel, stettar den opp under dei innleiande skildringane av kapittelet; bygg og anlegg og samferdselsformål utgjer til saman 0,34 % av arealet, medan landbruksformålet, som også innfattar fjellområda våre, utgjer vel 95 % av arealet. Det er her verdt å merke seg at bygnad knytt til jord- og skogbruk samt spreidde bustader i landbruksområde også inngår i dette formålet, så det er noko meir bygnad i Lom enn dei 0,2 % som heiter bygnad og anlegg. Dette gjev likevel ikkje store utslag på tala.

Arealrekneskap for Lom som syner arealbruk summert per arealkategori i kommuneplanens arealdel (2022). Det er ikkje skilt mellom noverande og framtidig arealbruk i tabellen.

Arealkategori KP	Areal dekar	Prosent
Bygnad og anlegg	3930,8	0,20
Samferdsel	2791,9	0,14
Grønstruktur	665,1	0,03
Landbruksformål	1879354,7	95,57
Vassdrag	79733,0	4,05
<i>Sum</i>	<i>1966475,5</i>	<i>100,00</i>

Framtidig arealbruk og behov

I høve arealbruk- og behov i åra som kjem, ser ein at det er nokre tema som peikar seg ut som særleg aktuelle for Lom kommune:

- Bustadutvikling og busettingsstruktur
- Jordvern i ein kommune med avgrensa tilgang til samanhengande jordbruksareal
- Forhaldet til utbygging av fornybar energi
- Behovet for næringsareal

Bustadutvikling, busettingsstruktur og jordvern

I høve bustadutvikling og busettingsstruktur, har ein per vedtekne kommune- og reguleringsplanar i 2026 ein tomtereserve i Lom kommune på 76 tomter. Desse ligg i hovudsak i

Leirmo, Garmo og i Fossbergom. I tillegg kjem ein arealreserve på 31,7 daa for bygging av fleirmannsbustader og bustadutviklingsprosjekt i Fossbergom.

Ser ein desse tala i samanheng med byggetakta i Lom for perioden 2015 – 2024, kan det verke som tilstrekkeleg stor tomtereserve, relativt sett. I løpet av dei ti åra vart det bygd 41 einebustader, 14 bueiningar i tomannsbustader og 8 bueiningar i rekkehus/småhus. I tillegg kjem 9 bustader bygd i næringsbygg. Talet på bustader i bufellesskap har for same periode gått ned med 2, grunna riving av eldre omsorgsbustader.

Handlingsrommet for bustadutvikling er likevel noko meir nyansert enn tomtereservane skulle tilsei. Dette då det for 17 av tomtene er knytt stor usikkerheit til realisering grunna behov for revidering av eldre reguleringsplanar og store utgifter knytt til utbygging av vatn og avlaup. Det er også knytt usikkerheit til 9,5 daa, som i kommuneplan er avsett til bygging av fleirmannsbustader i Fossbergom, retta mot behov knytt til helse- og omsorgssektoren. Arealet består i dag av dyrka mark. Vidare ser ein at den hovudsaklege etterspurnaden etter tomter er i Fossbergom, noko førespurnad etter tomter i grendene. I grendene er det i sær frittliggande tomter som vert etterspurt, ofte i Lie, i det som i kommuneplanen ligg som landbruks-, natur og friluftsområde.

Etterspurnaden samsvarar med resultatata ein fekk når ein i 2024 gjorde ei bustadundersøking i Lom kommune, som synte at det var i sær tre kvalitetar som var viktige når det gjaldt bustadtomt: Å bu sentralt, ha gode solforhold og privat uteplass. Hovudintrykket etter undersøkinga er at mange ynskjer seg sentrumsnær tomt i og rundt Fossbergom, alternativ eit småbruk / frittliggande tomt, helst i eit område med gode solforhold. Det er difor behov for å vurdere kor vidt tomtereservane og planane slik dei ligg føre i dag, stettar opp under ynskja utvikling knytt til tilflytting og bustad som del av næringsutvikling.

Ein gjennomgang av dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova og jordlova for Lom kommune for perioden 2021 – 2025, stettar også opp under dette biletet. Av 15 dispensasjonssaker som medførte å omdisponere areal, var drygt 1/3 knytt til bustad. Bustadformåla ein har omdisponert for gjennom dispensasjon er spreidde einebustader i LNFR-området. Det vart ikkje omdisponert dyrka mark i nokon av desse dispensasjonssakene. Innlandsstatistikk sin arealrekneskap syner at det i kommune- og reguleringsplan for Lom per 2026 er avsett om lag 69 daa fulldyrka mark til utbyggingsføre mål. Jamfør NIBIO er det 17 226 daa fulldyrka mark i Lom kommune, og 558 daa overflatedyrka.

Næringsareal

Det er per i dag lite ledig areal som er regulert til næring i Lom, men i kommuneplanens arealdel er det avsett eit område på Lågkollen for nærings- og industriområde. Reguleringsarbeidet er i prosess.

Å planlegge for industri- og næringsetableringar i ei skiftande verd er ein utfordrande.

Kommunen ynskjer å legge til rette for nye arbeidsplassar, men i ein pressa økonomisk situasjon er det vanskeleg å vite kor mykje infrastruktur som må på plass for å vere ein attraktiv kommune, sidan bygging av veg, vatn og avløp, nett og anna infrastruktur er kostbart. Det generelle rådet er at kommunen (eller andre aktørar) bør legge til rette for infrastruktur fram til tomtegrensene, og at næringsarealet bør vere kartlagt med tanke på tilgang til vatn, straum, nett, vegtilkomst og liknande. Eksisterande næringsareal bør fortettast dersom det er mogleg.

Kraftselskapa Eidefoss og Vevig har utfordra kommunane i Gudbrandsdalen til å tenkje meir regionalt samarbeid når det kjem til tilrettelegging av næringsareal. Dersom vi skal lykkast med å tiltrekke oss bedriftsetableringar i konkurranse med andre regionar er vi avhengig av å ha regulerte næringsareal med naudsynt infrastruktur fram til tomtegrensene (inkludert nettinfrastruktur), slik at vi har noko å tilby. Eigarkommunane i Eidefoss har moglegheiter basert på høg kraftproduksjon i Nord-Gudbrandsdalen, samt tilgang på kapasitet frå overliggande nett litt fram i tid, som kan nyttast i regionen. Men vi har kort tid, ca. 10 år, fram til eit utbygd transmisjonsnett (Statnett), som vil kunne overføre meir kraft til auka forbruk i regionen. I Statnett sine områdeplanar for Innlandet er Gudbrandsdalen høgt prioritert. Dette gir moglegheiter, men også eit tidspress sidan meir av krafta kan førast ut av regionen. Skal vi unngå å miste tilgangen til mykje av krafta vår, må vi derfor “inn i kapasitetskøa”. Spørsmålet er korleis vi skal lykkast med det, sidan det ofte er kostbart å bygge ut infrastruktur og næringsareal - og det tek tid.

Viss alle kommunane skal utvikle kvar sine områder er det ikkje sikkert det blir tilstrekkeleg framdrift. Ei viktig politisk avklaring i framtida er derfor om det er vilje og interesse til å samle seg rundt tilrettelegging og marknadsføring av nokre få, større næringsareal.

Denne problemstillinga er særleg knytt til kraftkrevjande industri, men prinsippet er overførbart til også andre bransjar. Det handlar om at Lom er ein del av eit felles bu- og arbeidsmarknad, og at det reint økonomisk er viktigare at folk bur i kommunen, enn at arbeidsplassane ligg der. Bakgrunnen er måten inntektssystemet i Noreg er bygd opp, der kommunane mottek innbyggjartilskot og skatt frå person basert på busettinga, ikkje arbeidsplassen.

Så er dette sjølvsagt nyansert, og det er ikkje ynskjeleg å legge opp til mykje pendling og høge klimautslepp. Mange arbeidsplassar bidreg til å skape eit levande sentrum og lokal verdiskaping til nærliggande bransjar, så derfor er det veldig vanleg at alle kommunane jobbar for etableringar internt i eigen kommune. Det gjeld derfor å finne ein god balanse.

Fornybar energi

Til liks med resten av fylket og landet elles, kjem størstedelen av krafta som vert produsert i Lom frå vasskraft. Innanfor kommunegrensene finn ein Smådøla vasskraftverk, i tillegg til to mindre, private vasskraftverk (Graffer og Memurubu). Desse tre har ein produksjon på høvesvis 49.4, 3.3 og 0.06 GWh. I tillegg har ein i kommunen to privat biovarmeanlegg, der Lom bioenergi, som har ein årleg produksjon på 1.8 – 2.4 GWh, mellom anna forsyner fleire kommunale bygg med energi. I høve solkraft har Lom helseheim eit solcelleanlegg som i 2025 produserte 0.1 GWh, i tillegg til at ein har nokre mindre, private anlegg.

Størsteparten av kraftproduksjonen med opphav i Lom skjer likevel på kraftverk lokalisert i Luster og Vågå kommunar, der vassoverføringar frå Lom utgjer grunnlaget eller delar av grunnlaget for ein kraftproduksjon på til saman 441 GWh.

Jamfør Innlandsstatistikk hadde ein i Lom kommune pr. 2023 eit totalt forbruk av energi på 137 GWh, på tvers av sektorar og forbruksgrupper. Av dette var 37.6 GWh forbruk av elektrisk energi, i tillegg til 1.94 GWh bioenergi (ved og flis). Resten av forbruket på om lag 98 GWh, kjem frå

oljeprodukt. Bruken av oljebasert energi skriv seg hovudsakleg til bruken av drivstoff i form av diesel og bensin knytt til transport og primærnæring.

Ser ein på tala for produksjon og forbruk, er det altså klart at naturressursane i Lom kommune bidreg med eit kraftoverskot inn i det grønne skiftet. Men, ein ser også at Lom har ein jobb å gjere med å fase ut bruken av olje og gass som energikjelde.

Det er ei målsetting for Innlandet som region med å auke fornybar kraftproduksjon. I samband med det, går det føre seg eit arbeid med å legge regionale føringar for sol og vindkraft i Innlandet, med vedtak i 2026. I arbeidet har det vore gjort ein kartanalyse for å kunne vurdere framtidig arealbruk med omsyn til vind- og solkraft. Ikkje overraskande finn ein store område i Lom som ikkje eignar seg til utbygging av storskala sol- og vindkraft, fordi omsynet til andre, overordna samfunns- og miljøinteresser gjer seg gjeldande, sokalla eksklusjonskriteria. Døme på eksklusjonskriteria er inngrepsfrie naturområde, myr, leveområde/konsesjonsområde for villrein/tamrein, villmarksprega natur m.m. Det finnast likevel nokre større område som ikkje har slike eksklusjonskriteria knytt til seg. Desse må likevel vurderast opp mot andre viktige omsyn, og per i dag kan kommunen reservere seg mot utbygging av vindkraft.

Det er likevel mogleg for Lom å legge til rette for ein auke i fornybar kraftproduksjon gjennom mindre utbyggingar. I føringane peikar ein nemleg også på fire typar av område som eignar seg for sol- og vindkraft; grå areal, eksisterande industri- og næringsområde, næringsområde i ferd med å byggast og areal med uproduktiv skog. Dette er område som ein også i Lom kan vurdere for kraftproduksjon. I tillegg var det sommaren 2025 gjort ei endring i høve reglane om konsesjon for solkraftanlegg under 10 MW. Dei er ikkje lenger konsesjonspliktige etter energilova, og krev difor ikkje løyve frå NVE. Slike mindre anlegg skal i staden handsamast lokalt av kommunen, etter reglane i plan- og bygningslova. Dette gir moglegheiter for ei heilskapleg tilnærming og arealplanlegging, som også omfattar mindre bidrag til kraftproduksjon.